



Sesongopninga med Vassendgutane fekk eit etterspel på kontrollplanet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sesongopninga med Vassendgutane like før påske på Dønhaug Gjestegard fekk eit etterspel då skjenkekontrollørane hadde fleire merknader til skjenkinga i og ved låven medan dei ikkje hadde nokon innvending mot skjenkinga i Dønhaugkjedlaren. No har rådmannen konkludert med gje Magne Huglen ei skriftleg åtvaring.**

Sjølv om forvaltningskomiteen er kontrollutval for skjenkesaker, har rådmannen fullmakt til å gje ei skriftleg åtvaring når det dreier seg om første gongs brot.

I dette tilfellet vil han nytta seg av denne fullmakta og gje ei åtvaring med pålegg om at løyvehavaren sjår til at vilkåra i skjenkeløyvet vert halde.

Når det gjeld ein påstått overskjenking, der meiningane er sterkt delte mellom Huglen og kontrollørane, skriv saksbehandlar Mette Guddal at begrepet tydeleg rusa personar/overskjenking er eit definisjonsspørsmål og kan oppfattas ulikt. Ho skriv:

- Skjenkekontrollørane våre er pålagde alltid å gå to og to saman på kontrollane og at begge to skriv under på rapporten dersom det er merknader, Kontrollørane kan stå inne for det dei har merka i rapporten.

Vidare blir det påpeika at skjenketida ute, som er til klokka 24, ikke vart halde og at skjenking gjekk føre seg til klokka 00.26. Dette er rekna som eit grovt brot på løyvevilkåra.

Når det gjeld talet på gjester var det 600 denne kvelden. Rådmannens saksbehandlar minner om at formannskapet 8. august i fjor vedtok å oppretthalda sitt tidlegare vedtak frå 9. juni året før om at skjenkeløyvet i Dønhauglåven gjeld for 250-300 personar. Huglen har påpeika at låven er godkjend for 495, men dette gjeld ikkje når skjenkeløyvet vert nytta, Dønhaugkjedlaren har skjenkeløyve for 65 personar og det er to separate løyve på Dønhaug.

Rådmannen reknar med at det i tråd med Huglens kommentarar blir tilstrekkeleg toalett kapasitet ved seinare

store arrangement.

Rådmannen har merka seg at vaktstyrken var stor og at transportsystemet med bussar/drosjer etter arrangementet var effektivt. Dette er bra og viktig med omsyn til mellom anna naboar.

Tilslutt i brevet frå kommuneleiinga til Huglen heiter det at det er positivt med initiativ som gjev aktivitet i bygdene og som bidrar til eit rikare kulturliv i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen